



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Lidatun, Lid grendahus
Dato: 07.03.2019
Tid: 15:00

Faste medlemer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	FRP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP

Faste medlemer som ikke møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brynhild Lund Notøy	MEDL	V

Varamedlemer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Nina Lødøen Øen	Brynhild Lund Notøy	V

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann, nye Volda
Ann Kristin Langeland	Ass. Rådmann, nye Volda
Per Ivar Kongsvik	Kommunalsjef oppvekst, nye Volda
Berit Lyngstad	Personalsjef, nye Volda

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 13/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 15/19	Ny skulekrins i Volda kommune
PS 16/19	Kommunedelplan for idrett og friluftsliv - høyring av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid
PS 17/19	Organisering av lærlingordninga i Volda kommune - Handsaming i Fellesnemnda
PS 18/19	Revidering av forskrift om renovasjon og slam
PS 19/19	Orienteringssaker
OS 10/19	Utviding av kyrkjekontoret i Volda ved kommunesamanslåing
OS 11/19	Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019
OS 12/19	Melding om politisk vedtak - Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum
OS 13/19	Melding om politisk vedtak - Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt
OS 14/19	Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum
OS 15/19	Endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt

PS 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Ingen merknadar.

Sakliste

Ingen merknadar.

Røysting:

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

PS 14/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Møteprotokoll frå førre møte samrøystes godkjent.

PS 15/19 Ny skulekrins i Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Fellesnemnda for Volda kommune går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert opprette ny skulekrins som omfattar gamle Austefjord skulekrins, Bjørke, Viddal og Hornindal. Framtidige elevar frå Bueide får Hornindal skule som sin nærskule.**

Krinsen får namnet Austefjord/Bjørke/Hornindal skulekrins.

- 2. Elevar som har teke til ved Volda ungdomsskule får gå ferdig grunnskulen der viss dei ynskjer det. Volda kommune tek ansvar for kostnadene til skuleskyss for desse elevane.**

Handsaming:

Sølvi Dimmen (SP) med følgjande framlegg til utsetjingsforslag:

- 1. Fellesnemnda utset avgjerd i saka**
- 2. Fellesnemnda ber om nærmere utgreiing av realistiske og praktiske alternativ for skyss, både til Hornindal og Volda.**

Dimmen trekte tilbake utsetjingsforslaget.

Odd H. Sundal (U) med følgjande framlegg til alternativt vedtak:

«Fellesnemnda tek hovudtyngda av høyningsuttale til grunn og vedtek at Austefjord skal halde fram i Stor-Øyra skulekrins (alt. 4 i utgreiinga om skulekrinsar)»

Stig Olav Lødemel (H) med framlegg om endring av ordlyden i administrasjonens tilråding første punkt, andre ledd:

«Krinsen får namnet Indre Volda skulekrins.»

Odd A. Folkestad (FRP) med følgjande framlegg til tilleggspunkt i administrasjonens tilråding, som nytt punkt 3:

«Fellesnemnda føreset at om nedlegging av Austefjord barneskule seinare skulle bli aktuelt, så vil kommunestyret då vedta eit felles SFO-tilbod for indre Volda skulekrins. Som eit ledd i arbeidet med å byggje saman kommunane, vil då kommunen kunne tilby SFO-skyss til/frå heimen etter då vedteke vilkår.»

Sølvi Dimmen (SP) med følgjande framlegg til tilleggspunkt i administrasjonens tilråding, som nytt punkt 3:

«Dersom det skulle bli strukturendringar i det omtalte området, skal nærskule vurderast på nytt.»

Røysting:

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel (H), med avgjersle om å røyste administrasjonens tilråding opp mot alternativt vedtak fremja av Odd H. Sundal. Det var ønske om prøverøysting før endelig røysting.

Prøverøysting Sundal/Administrasjonen:

Det var 10 røysteføre i saka.

Følgjande røysta for administrasjonen si tilråding til vedtak: Stig Olav Lødemel, Randi Langlo, Jørgen Amdam, Odd A. Folkestad, Nina L. Øen.

Følgjande røysta for Odd H. Sundal sitt framlegg til alternativt vedtak: Odd H. Sundal, Sølvi Dimmen, Eldar Engelund, Bente Tryggestad, Margrete Bjerkvik.

Det vart fremja ønske frå medlemene om å få diskutere saka i gruppemøter før endelig røysting, som leiar i Fellesnemnda godkjende. Fellesnemnda tok 10 minutt pause.

Endelig voting Sundal/Administrasjonen:

Det var 10 røysteføre i saka.

Følgjande røysta for administrasjonen si tilråding til vedtak: Stig Olav Lødemel, Randi Langlo, Jørgen Amdam, Odd A. Folkestad, Nina L. Øen, Sølvi Dimmen, Eldar Engelund, Bente Tryggestad

Følgjande røysta for Odd H. Sundal sitt framlegg til alternativt vedtak: Odd H. Sundal, Margrete Bjerkvik.

Administrasjonens tilråding vedteke med 8-2 røyster.

Endring av ordlyd i administrasjonens tilråding

Stig Olav Lødemels framlegg om å endre ordlyden i første punkt, andre ledd, vart samrøystes vedteke.

Tilleggspunkt til administrasjonens tilråding

Odd A. Folkestad sitt framlegg til nytt punkt 3 i administrasjonen si tilråding fekk 0 røyster og fall.

Sølvi Dimmen sitt framlegg til nytt punkt 3 i administrasjonen si tilråding fekk følgjande utfall:

Røyster for Dimmen sitt framlegg til tilleggspunkt: Sølvi Dimmen, Eldar Engelund, Odd H. Sundal, Bente Tryggestad, Randi Langlo, Margrete Bjerkvik, Nina L. Øen

Røyster mot Dimmen sitt framlegg til tilleggspunkt: Stig Olav Lødemel, Jørgen Amdam og Odd A. Folkestad.

Dimmens framlegg til tilleggspunkt vedteke med 7 røyster mot 3.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.03.2019

1. Fellesnemnda for Volda kommune går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert opprette ny skulekrins som omfattar gamle Austefjord skulekrins, Bjørke, Viddal og Hornindal. Framtidige elevar frå Bueide får Hornindal skule som sin nærskule.

Krinsen får namnet Indre Volda skulekrins.

2. Elevar som har teke til ved Volda ungdomsskule får gå ferdig grunnskulen der viss dei ynskjer det. Volda kommune tek ansvar for kostnadene til skuleskyss for desse elevane.
3. Dersom det skulle bli strukturendringar i det omtalte området, skal nærskule vurderast på nytt.

PS 16/19 Kommunedelplan for idrett og friluftsliv - høyring av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid

Administrasjonen si tilråding:

Forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.03.2019

Forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

PS 17/19 Organisering av lærlingordninga i Volda kommune - Handsaming i Fellesnemnda

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune melder seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre gjeldande frå 01.07.19.

Denne avtalen vert å vidareføre i ny kommune frå 01.01.20.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.03.2019

Fellesnemnda for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune melder seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre gjeldande frå 01.07.19.

Denne avtalen vert å vidareføre i ny kommune frå 01.01.20.

PS 18/19 Revidering av forskrift om renovasjon og slam

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap vedtek å legge revidert renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar ut på høyring i 6 veker.

Handsaming:

Eldar Engelund med oppmading til representantskapet i VØR, som valde av Volda kommunestyre, om å bringe vidare til styret at NOMIL i dag har rabatt for hushald som er registrerte som einslege.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.03.2019

Volda formannskap vedtek å legge revidert renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar ut på høyring i 6 veker.

PS 19/19 Orienteringssaker

Handsaming:

På grunn av tidsmangel føreslo leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, å utsetje orienteringssaker til neste møte 4. april. Fellesnemnda slutta seg til dette. Orienteringane vert lagt fram på nytt i april.

OS 10/19 Utviding av kyrkjekontoret i Volda ved kommunesamanslåing

Sak utsett til møte 4. april 2019.

OS 11/19 Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019

Sak utsett til møte 4. april 2019.

OS 12/19 Melding om politisk vedtak - Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum

Sak utsett til møte 4. april 2019.

OS 13/19 Melding om politisk vedtak - Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt

Sak utsett til møte 4. april 2019.

OS 14/19 Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum

Sak utsett til møte 4. april 2019.

OS 15/19 Endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt

Sak utsett til møte 4. april 2019.

Møtet slutt 17:32

Rett kopi.

Joakim Rødven
Sekretær
Volda kommune, samfunn og rådgjerving

Volda 08.03.2019